

# Årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen

## Onsdag 13. februar 2008

### Kort om sakene og framlegg til vedtak

#### Sak 4 Årsmelding 2007 for Bergen ungdomslag Ervingen

Årsmelding for Bergen ungdomslag Ervingen, melding frå Selsvikfondet, melding frå Egedomsfondet og melding frå Kyrkjenemnda ligg ved årsmøtepapira som eige vedlegg. Årsmøtet vil få ei munnleg melding frå Ervingen AS og Lagsbruki til Bul i Bergen LL. Orientering frå lagsstyret om arbeidet med arbeidsprogrammet ligg ved årsmøtepapira som eige vedlegg.

Tilråding frå rådet 29. januar og 4. februar:

Rådet tilrår årsmeldinga for laget med dei endringane og tilføyningane som er gjort på møtet. Styret får fullmakt til å gjera årsmeldinga ferdig basert på diskusjonen. Rådet godkjenner årsmeldinga for Selsvikfondet og rår til at årsmøtet godkjenner denne. Rådet godkjenner årsmeldinga for Egedomsfondet.

**Lagsstyret inviterer årsmøtet til å gjera slikt vedtak:**

- a. Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2007 for laget med dei endringane som kom fram på møtet.
- b. Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2007 frå Selsvikfondet
- c. Årsmøtet tek årsmelding for 2007 frå Egedomsfondet til vitande.
- d. Årsmøtet tek melding om arbeidet i Ervingen AS og Lagsbruki til Bul i Bergen LL til vitande.
- e. Årsmøtet tek melding om arbeidet i Kyrkjenemnda til vitande.
- f. Årsmøtet tek melding om arbeidet med arbeidsprogrammet til vitande.

#### Sak 5 Rekneskap for 2005

Resultatrekneskap og balanse med notar for laget, Selsvikfondet og Egedomsfondet er lagt ved årsmøtepapira som eigne vedlegg.

Tilråding frå rådet 29. januar og 4. februar:

Rådet tilrår rekneskap 2007, og tilrår at underskotet vert dekkja av eigenkapitalen. Rådet vil i samarbeid med fonds- og egedomsstyret ta initiativ til ein gjennomgang av fonda, og vurderer bruk av avkasting og midlar. Dei vil også ta ein gjennomgang av lovverket til fonda. Rådet godkjenner rekneskapa for Selsvikfondet og rår til at årsmøtet godkjenner dette. Rådet godkjenner rekneskapa for Egedomsfondet.

### **Lagsstyret inviterer årsmøtet til å gjera slikt vedtak:**

- |   |
|---|
| <ol style="list-style-type: none"><li>a. Årsmøtet tek meldinga frå revisorane til vitande og godkjenner rekneskapen for 2007, underskotet på kr 29 343 vert dekkja av eigenkapitalen til laget.</li><li>b. Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2007 for Selsvikfondet</li><li>c. Årsmøtet tek rekneskapen for 2007 for Eignedomsfondet til vitande.</li></ol> |
|---|

## **Sak 6 Endring av lagslova og styringsføresegner**

Endringsframlegg til §3 i lagslova og §§ 3 og 6 i styringsføresegnene er lagt ved årsmøtepapira som egne vedlegg. I tillegg er referat frå møte 15. januar i ei arbeidsgruppe lagt ved.

Ytring og tilråding frå rådet 29. januar:

Rådet kom med innspel til språkvask av endringar: ”Saker til årsmøtet skal vera sende inn innan 1. desember.” og ”Særlaga kjem med framlegg til valnemnda på kandidatar til egne særslagstyre.”

Når det gjeld sak om utmelding av Kyrkjenemndi og påfylgjande endringar i styringsføresegnene, viser Rådet til vedtak på førre årsmøte. Styret orienterer årsmøtet om resultatet av drøftingar med eigarlaga, ref. møte i Kyrkjenemndi 15.1.08, som grunnlag for saka.

**Rådet tilrår endring av lov og styringsføresegner slik styret har foreslått, men med mindre endringar som kom fram i rådsmøtet.**

### **Lagsstyret inviterer årsmøtet til å gjera slikt vedtak:**

- |  |
|--|
| <ol style="list-style-type: none"><li>a. I § 3 i lagslova blir ” Saker til årsmøtet skal vera sende inn innan 1. desember.” lagt til første avsnitt.</li><li>b. I § 3 i styringsføresegnene blir ”og kyrkjenemndi i Bergen” stroke. I § 6 i styringsføresegnene blir punkt om bunadskontakten stroke. I § 6 i styringsføresegnene blir ”Særlaga kjem med framlegg til valnemnda på kandidatar til egne særslagstyre.” lagt til som nytt punkt.</li></ol> |
|--|

## **Sak 7 Tiltak for auka rekruttering av medlemmar**

Saka er sendt inn av medlem Stig Vaular. Framlegget er lagt ved årsmøtepapira som eige vedlegg. Styret har ikkje framlegg til vedtak i saka.

## **Sak 8 Budsjett 2008**

Forslaget til budsjett er dels komme fram ved innspel frå særlaga og dels ved vurdering av drifta i 2007. Lagsstyret legg til grunn at 2007 var eit normalår med tanke på det økonomiske omfanget av drifta i laget. Budsjettforslaget med forklaringar er lagt ved årsmøtepapira som eige vedlegg.

Frå hyttenemnda har det komme framlegg om å skifte taket og gjera andre investeringar på hytta på Eidsholmen. Rådet stør framlegget og meiner investeringane må dekkast av Eigedomsfondet. Så store løyvingar frå fondet skal etter vedtektene leggest fram for årsmøtet til godkjenning. Løyving til investeringar på hytta er difor eige punkt under vedtaket om budsjett.

Tilråding frå rådet 29. januar:

Rådet tilrår framlagt budsjett 2008 med endringar frå styret. Rådet ynskjer at lagsstyret legg fram notar med forklaringar til budsjettet for årsmøtet.

Rådet rår til å gå inn for tilbodet [*om skifte av tak m.m.*] (...) saka vert lagt fram for årsmøtet for endeleg godkjenning.

#### **Lagsstyret inviterer årsmøtet til å gjera slikt vedtak:**

- |    |  |
|----|--|
| a. | Årsmøtet vedtek det framlagte forslaget til budsjett for 2008 og ber lagsstyret om å spesifisere budsjettet for særлага innanfor rammene til det samla budsjettet. |
| b. | Årsmøtet godkjenner bruk midlar frå Eigedomsfondet til ymse investeringar på hytta på Eidsholmen, m.a. nytt tak.   |

### **Sak 9 Medlemspengar 2008**

Tilråding frå rådet 29. januar:

Rådet tilrår styret sitt framlegg til medlemspengar 2009

#### **Lagsstyret inviterer årsmøtet til å gjera slikt vedtak:**

##### **Medlemspengar 2009:**

Vaksne	kr 700	(inga endring)
Ungdom t.o.m. 26 år	kr 500	(inga endring)
Barn t.o.m. 14 år	kr 450	(inga endring)

### **Sak 10 Val**

Saka blir lagt fram under møtet.